



Foto: Ola Matti Mathisen

Den Bahamas-registrerte cruisebåten Amadea kom frå Eidfjord via Rosendal gjennom Storsund i går kveld i 19-tida. Neste destinasjon er Arendal i dag

Som vanleg er det eit vakkert syn når så store skip kjem så tett på landskap og busetnad. Amadea er bygd i 1991, 192 meter lang og har ein tonnasje på 30 000 tonn.

Det har vore lite turistskip i Storsund så langt i år. Seglasen går som oftast inn Hardangerfjorden til Ulvik og Eidfjord på natta og retur i 18-tida. Dette gjer at ein går på utsida av Skorpo og passerer i 23-ida på kvelden.

Fred Olsen sine cruisebåtar, Black Watch og Balmoral, går som oftast Storsund på dagtid.

Tekst: Kristian Olav Bringedal